



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Fordeling av skjønnsmidlar til kommunar med store covid-19 utbrot

Vi viser til dykkar brev av 28. september og brev frå statsråd Nikolai Astrup av 22. oktober om fordeling av skjønnsmidlar til kommunar med store covid-19 utbrot.

I prop.142 S er det løyvd 500 mill. kroner i skjønnsmidlar som skal gå til kommunar som har, eller har hatt, særleg store utgifter til oppfølging av TISK-strategien etter store utbrot av covid-19. Det skal og takast omsyn til tidlegare fordelte skjønnsmidlar knytte til koronapandemien.

Med grunnlag i rapportering frå kommunane av ekstra utgifter per ultimo august, melde Fylkesmannen til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) samla ekstra utgifter for kommunane i Vestland på 430 mill. kroner. Vi har gjort eit anslag at 50 prosent av utgiftene er knytte til smittevernstiltak (oppfølging av TISK-strategien).

Etter tilbakemeldingar frå alle fylkesmennene har KMD v/ statsråden fordelt 85 mill. kroner til Vestland. Det er variasjonar mellom det embeta har fått til fordeling til kommunane i fylket. Dette kjem av at midlane ikkje skal fordelast til alle kommunar i fylket, men skal gå til kommunar med store utgifter som følgje av større smitteutbrot.

Kommunane i Vestland har òg rapportert til Fylkesmannen anslag på ekstra utgifter til oppfølging av TISK-strategien for perioden september – oktober. Kommunane har samla rapportert om ekstra utgifter per 1. november på 545 mill. kroner. Som vi tidlegare har omtalt, melde òg nokre av kommunane om tapte inntekter, men vi har ikkje inkludert tapte inntekter i dette samla talet.

I fordelinga av 85 mill. kroner har vi brukt følgjande modell/kriterium for kommunar med større smitteutbrot i perioden september – oktober:

- Folkehelseinstituttet (FHI) sin statistikk for tal smitta personar (40 prosent)
- anslag ekstra utgifter frå siste rapportering i august og september og fram til 1. november (40 prosent)
- FHIs smittetal per 1000 innbyggjar (20 prosent)
- samla skjønnsvurdering etter smittetal og ekstra utgifter.



I fordelinga har vi òg sett på tidlegare fordelte skjønnsmidlar knytte til koronapandemien.

Fylkesmannen ber om at følgjande deling blir utbetalt til kommunane gjennom rammetilskotet:

Kommune	kroner
K-4601 Bergen	46 000 000
K-4602 Kinn	1 000 000
K-4611 Etne	-
K-4612 Sveio	500 000
K-4613 Bømlo	-
K-4614 Stord	6 000 000
K-4615 Fitjar	-
K-4616 Tysnes	-
K-4617 Kvinnherad	500 000
K-4618 Ullensvang	1 000 000
K-4619 Eidfjord	-
K-4620 Ulvik	-
K-4621 Voss	1 500 000
K-4622 Kvam	1 000 000
K-4623 Samnanger	-
K-4624 Bjørnafjorden	4 000 000
K-4625 Austevoll	500 000
K-4626 Øygarden	5 000 000
K-4627 Askøy	5 000 000
K-4628 Vaksdal	-
K-4629 Modalen	-
K-4630 Osterøy	-
K-4631 Alver	3 500 000
K-4632 Austrheim	500 000
K-4633 Fedje	-
K-4634 Masfjorden	-
K-4635 Gulen	-
K-4636 Solund	-
K-4637 Hyllestad	4 500 000
K-4638 Høyanger	500 000
K-4639 Vik	500 000
K-4640 Sogndal	1 000 000
K-4641 Aurland	-
K-4642 Lærdal	-
K-4643 Årdal	-
K-4644 Luster	-
K-4645 Askvoll	500 000
K-4646 Fjaler	-
K-4647 Sunnfjord	1 000 000



Kommune	kroner
K-4648 Bremanger	-
K-4649 Stad	500 000
K-4650 Gloppen	-
K-4651 Stryn	500 000
SUM	85 000 000

Innan 11. desember skal Fylkesmannen i Vestland, med atterhald om handsaming i Stortinget, fordele 133 mill. kroner i ekstra skjønnsmidlar knytte til covid-19 utbrotet (jf. vårt brev til kommunane datert 24. november). I tillegg til smittetal og dei siste rapporterte utgifter frå kommunane for november, vil vi òg i den fordelinga sjå på samla ekstra utgifter og fordelte skjønnsmidlar for heile 2020.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
Kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi: Kommunane i Vestland